
Fra: Nina Søvik Mjømen <nina@arkoconsult.no>
Sendt: 27. august 2015 13:19
Til: Postmottak Lindås; Knut Bjørnevoll
Kopi: Tom Andre Sivertsen
Emne: tiltak Lindås Brygge, Gbnr. 108/515

Hei,

Viser til mail fra Knut Bjørnevoll datert 14.08.2015.

Du skriv der at det må søkast om dispensasjon frå det generelle plankravet i samband med søknad om å få legge ut bølgebrytar til eksisterande brygge. Vi kan ikkje sjå er at det er noko generelt plankrav. Plankrav fylgjer av føresegnene til kommuneplanen sin arealdel, i tilfellet her eldre plan frå 2003-2014 (berre gjeldande for Lindåsosane). Der er det slik eg kan sjå berre eit krav til plan for «nye byggeområde i strandsone» Jf. § 1.4 Det er vidare også plankrav for byggeområde jf. § 2.1. I ny arealplan fylgjer det av § 1.1 «Areal sett av til bygg og anlegg etter pbl § 11-7 nr. 1 og samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur etter pbl § 11-7 nr. 2, skal inngå i reguleringsplan før tiltak som krev søknad og løyve etter pbl §§ 20-1 og 20-2 vert tillate, med mindre anna er sagt under det enkelte føremål.»

Slik eg kan sjå gjeld det ikkje noko generelt plankrav for *Område for særskilt bruk eller vern av sjø og vassdrag* (her NF område). Vi ser derfor ikkje at det skal vere naudsynt med dispensasjonssøknad her. Dette er tilfelle både etter eldre og ny kommuneplan.

Det vil i samband med søknad om dispensasjon frå arealformålet for bølgebrytar, også bli søkt om dispensasjon for den delen av brygga som ligg utanfor område for reguleringsplan, slik det er ytra ynskje om av kommunen.

Med vennlig hilsen/Best Regards

Nina Søvik Mjømen
Jurist, Byggesak

Direkte: +47 99245581 | Felles: +47 56390003
Fax: +47 56191130
Epost: nina@arkoconsult.no



Hovedkontor - Valestrandsfossen:
Arkoconsult AS
Postboks 103, HTB-bygget
5291 Valestrandsfossen | NORWAY | www.arkoconsult.no

Avdelingskontor - Voss
Arkoconsult AS
Strandavegen 2
5705 Voss | NORWAY | www.arkoconsult.no



Vennligst tenk på miljøet før du skriver ut denne e-posten.

